

# Oppmelding til privatisteksamen

## MERK: Nytt fra våren 2020

**BRT2003, BRT2004, BRT2005 og BRT2006** har til og med høsten 2019 hatt restriksjoner i forhold til bruk av hjelpemidler under eksamen. Fra og med våren 2020 vil disse fagkodene følge **lik ordning** som (de fleste) andre fag: «**Alle hjelpemidler er tillatt, bortsett fra åpent internett og andre verktøy som tillater kommunikasjon**»

Nytt fra våren 2020 er også at **BRT2004** vil foregå **uten** forberedelsesdag.

**Møre og Romsdal fylkeskommune har ansvar for at det blir arrangert privatisteksamen i fag innan vidaregåande opplæring. Privatisteksamen blir arrangert på ni vidaregåande skoler i fylket.**

For spørsmål om oppmelding til eksamen, fag og fagkodar, ta kontakt med [skolen](#) som du ønskjer å melde deg opp på.

**MERK! Fylkeskommunen kan i etterkant av oppmeldinga, endre eksamenskole for privatisten.**

## Generell informasjon

### Skilnaden på ein elev og ein privatist

Ein elev er ein som får undervisning og standpunktkarakter i eit fag. Ein privatist er ein som melder seg opp til eksamen utan å ha elevstatus i faget. Som privatist får du ikkje standpunktkarakter i faget, men ein eksamenskarakter. Det er ikkje mogleg å melde seg opp som privatist i eit fag ein er elev i. Dette gjeld og for vaksne med vaksenrett. Meir [informasjon om privatisteksamen](#) finn du på Utdanningsdirektoratet si heimeside.

### Lærling

Ein lærling er ein som har godkjend lærekontrakt. Ver merksam på at du må ha organisasjonsnummeret til lærebedrifta di tilgjengeleg ved oppmelding i PrivatistWeb.

Merk at all informasjon om lærlingar som tidlegare er registrert i PrivatistWeb blir nullstilt for kvar periode. Organisasjonsnummer må leggest inn på nytt dersom du fortsatt er lærling.

### Praksiskandidat

Ein praksiskandidat er ein som har meldt seg til fag-/sveineprøve utan å være elev eller lærling.

### Eleveksamen ved dei vidaregåande skolane

Er du elev ved ein skole, ordnar skolen din med oppmelding til dei eksamenar du skal ha. Er du elev og har rett til ny, utsett eller særskilt eksamen, skal du melde deg til den skolen du var elev ved då du hadde faget. Treng du meir informasjon rundt eleveksamen, ta kontakt med eksamensansvarleg på din skole.

### Oppmelding i PrivatistWeb

Privatistar i vidaregåande opplæring, lærlingar og praksiskandidatar skal melde seg opp i PrivatistWeb. Du må bruke fødselsnummeret ditt for å registrere deg (evt. D-nummer for dei som ikkje har norsk fødselsnummer). For andre, ta kontakt med ein av skolane.

### Privatisteksamen

Det blir arrangert eksamen to gonger i året: april-juni og november-desember. Dato for lokale skriftlege, munnlege, munnleg-praktiske og praktiske eksamenar kan bli fastsett og endra etter at fristen for

oppmelding er ute.

Oversikt over eksamensdatoar for [sentralt gitte skriftlege eksamenar](#) finn du på heimesida til Utdanningsdirektoratet. Oversikt over eksamensdatoar for [lokalt gitte skriftlege eksamenar](#) finn du på heimesida til Vigo IKS.

### **Oppmeldingsfristar PrivatistWeb**

Frist for oppmelding til våreksamen er 1. februar, kl.23:59.

Frist for oppmelding til hausteksamen er 15. september, kl. 23:59.

All oppmelding skal skje elektronisk i PrivatistWeb.

### **Å melde seg opp i rett fag**

Du er sjølv ansvarleg for at du melder deg opp i rett fag. Har du meldt deg opp i feil fag og ikkje betalt, kan du annullere faget og melde deg opp på nytt i rett fag.

Før du stadfestar oppmeldinga, må du vere **heilt sikker** på at du har meldt deg opp i rett fag og valt riktig hensiktskode. **Oppmeldinga er bindande og eksamensavgifta vil ikkje bli refundert.**

Er du usikker på kva fag du skal velje eller du ikkje finn faget du ønskjer på PrivatistWeb, ta kontakt med [skolen](#) du skal melde deg opp til eksamen ved. Læringar kan ta kontakt med fagkonsulentane på [seksjon for opplæring i bedrift](#) for rettleiing.

### **Søknad om særskilt tilrettelagt eksamen**

Om du skal søkje om tilrettelagt eksamen, må du skrive ut skjemaet [Søknad om tilrettelagt eksamen](#) og sende det til eksamensskolen innan fristen (30. september for hausteksamen og 15. februar for våreksamen). Privatisten må leggje fram ein sakkunnig uttale som grunnlag for søknad.

### **Innkallingsbrev**

Du vil enten få tilsendt eit brev eller e-post/sms med eksamensinformasjon før eksamen. Dersom du ikkje har mottatt informasjonen innan 10. april for våreksamen og 1. november for hausteksamen, pliktar du å ta kontakt med eksamensskolen.

### **Læreplana styrer eksamen**

Det er læreplana som styrer kva du blir prøvd i til eksamen. [Læreplanane](#) finn du på Utdanningsdirektoratet si heimeside.

### **Leseliste i fag med munnleg og munnleg-praktisk eksamen**

I fag med munnleg og munnleg-praktisk eksamen, bør du levere leseliste for å gi sensorane informasjon om kva du har arbeidd med. Leselista bør til dømes innehalde:

- kva for eit prosjekt, særnemne eller fordjupingsemne du har arbeidd med der dette er eit krav i læreplana
- kva for romanar eller anna tilleggs litteratur du har lese i dei faga der læreplana krev det
- kva for øvingar du har gjort i eksperimentelle fag

Det finns ikkje ordningar for godkjenning av leselista. Læreplana i faget blir lagt til grunn for eksaminasjonen. **Fristen for å levere leseliste til skolen er 1. april for våreksamen og 15. oktober for hausteksamen.** Det vil ikkje bli purra eller tatt imot leseliste etter denne fristen.

### **Førebuingsdel til skriftleg eksamen**

Enkelte skriftlege fag har ein førebuingsdel, som regel dagen før eksamen. I PrivatistWeb kan du velje eit fag, klikke på faget og få opp informasjon om eksamen og eventuell førebuingsdel. På Utdanningsdirektoratet sine heimesider blir det lagt ut [førebuingsdel](#) til sentralt gitte eksamenar dagen før eksamen kl. 09:00. For lokalt gitt skriftlig eksamen får du utdelt førebuingsdelen på eksamensskolen dagen før eksamen kl. 09:00.

### **Eksamensdagen**

Møt opp i god tid, seinast 45 minutt før eksamen startar. Du må leggje fram gyldig legitimasjon med bilete. Manglande godkjend legitimasjon kan føre til utestenging frå eksamen. Har du fått godkjend

særskilt tilrettelegging ved eksamen, ta med vedtaket. Du er sjølv ansvarleg for å ta med dei hjelpemidla som er tillatne til eksamen.

### **Førebuingssdel til munnleg og munnleg-praktisk eksamen**

I fag med munnleg eksamen har privatistar 30 minutt førebuingssdel utan hjelpemiddel. Privatisten kan ta med stempla notatark frå førebuingssdelen inn til eksaminasjonen.

I språkfag kan den 30 minuttars førebuingssdelen bestå av ei lytteprøve. I andre fag vil du kunne få utlevert eit tema, ein tekst eller liknande som dannar grunnlaget for eksaminasjonen.

Fag med munnleg-praktisk eksamen har inntil 45 minutt førebuingstid. I eksperimentelle fag kan oppgåva i førebuingstida gå ut på å førebu eit laboratorieforsøk.

### **Hjelpemiddel til eksamen**

Du er sjølv ansvarleg for å undersøke reglane som gjeld for hjelpemiddel til eksamen.

Om alle hjelpemiddel er tillatne, kan kandidatar som skal ta skriftleg eksamen bruke PC. Eigen PC må takast med. Nettlesaren må vere Internet Explorer 11, Microsoft Edge Browser, Firefox 50 eller nyare, Chrome versjon 56 eller nyare, Safari (Mac OS). For meir informasjon sjå [her](#).

### **Eksamenskarakterar**

Eksamensresultat for munnleg, munnleg-praktisk og praktisk eksamen blir lagt ut fortløpande under «Mine eksamenar» på PrivatistWeb. Eksamensresultat for skriftleg eksamen blir tilgjengeleg når fellessensuren er avslutta.

### **Kompetansebevis/vitnemål**

Alle praksiskandidatar vil automatisk få tilsendt kompetansebevis. Andre som ønskjer kompetansebevis må vende seg til skolen.

Privatistar som skal ha nytt vitnemål etter avlagd eksamen, må ta kontakt med den skolen der dei fekk det opphavlege vitnemålet. Privatistar som ikkje har vitnemål frå før, må ta kontakt med eksamensskolen.

Har du flytta og endra adresse, må du hugse å endre denne i PrivatistWeb og melde frå til skolen som skal skrive ut dokumentasjon.

### **Klage på eksamen**

Privatistar er sjølv ansvarleg for å gjere seg kjend med reglar og fristar for [klage på eksamen](#). For meir informasjon, ta kontakt med eksamensskolen.

Kandidatar som har klaga på eksamen, der resultatet av klagebehandlinga ikkje ligg føre før fristen for oppmelding til ny eksamensperiode går ut, må melde seg opp innan fristen dersom dei ønskjer å gå opp til eksamen. Får dei medhald i klagen og ønskjer å trekkje oppmeldinga, vil dei få tilbakebetalt eksamensavgifta.

---

## **Betaling av eksamensavgift**

Eksamensavgifta skal betalast ved å nytte gjeldande betalingsløyising som krev betalingskort. Oppmelding som ikkje er betalt, blir ikkje rekna som gyldig. På «Min side» på PrivatistWeb kan du sjekke om betalinga er registrert. Står faget som ubetalt, må du betale innan fristen.

Gjeldande satsar for eksamensavgift er:

kr 1150,- per eksamen for

- fag der du ikkje har standpunkt og/eller eksamenskarakter (Hensiktskode PRIV-NYTT FAG)
- fag du ikkje har bestått (karakter 1) som elev eller privatist (Hensiktskode PRIV-NYTT FAG)

kr 2302,- per eksamen for

- fag du alt har bestått som elev eller privatist (Hensiktskode PRIV-FORBETRE KAR)

Før du stadfestar oppmeldinga, må du vere heilt sikker på at du har meldt deg opp i rett fag, og valt riktig hensiktskode. **Oppmeldinga er bindande etter at du har betalt, og eksamensavgifta vil ikkje bli refundert.**

**Om du er sjuk på eksamensdagen og leverer legeerklæring, har du rett til å gå opp til ny eksamen ved første etterfølgjande eksamensperiode jf. forskrift til opplæringslova § 3-35. Du betaler da ikkje noko ny eksamensavgift. Velger du å ikkje benytte deg av dette tilbudet, tapar du innbetalt avgift.**

Tek du eksamen som privatist samstundes som du er elev ved ein av våre vidaregåande skoler, kan du risikere å bli trekt ut til eleveksamen på same dato som privatisteksamen skal avholdas. Som privatist er du sjølv ansvarleg for di oppmelding, og du vil da ved kollisjon ikkje vere berettiga tilbakebetalt eksamensavgift.

Godkjente lærlingar skal ikkje betale eksamensavgift for tverrfagleg eksamen. Hugs å krysse av for at du er lærling når du melder deg opp til eksamen. Ved oppmelding må lærlingar registrere organisasjonsnummeret til si lærebedrift.

**Praksiskandidatar** er å rekne som privatistar i faget og skal betale for alle eksamenar.

**Elevar med vaksenrett** skal betale for alle faga dei tek som privatist.

---

## Spesielle eksamensordningar

### Norsk

For norsk som gir studiekompetanse, må privatistar ta eksamen i hovudmål (NOR1211/NOR1231), sidemål (NOR1212/NOR1232) og munnleg (NOR1213/NOR1233). Eksamenane kan takast i ulike eksamensperiodar. Forbetring kan gjerast i ein av fagkodane.

### Språkfag

Du må ha både munnleg og skriftleg karakter i språkfag for å få faget godkjent. Kravet gjeld og om du berre har ein standpunkt-karakter i faget og ønskjer å forbetre den.

### Framandspråk det ikkje blir gitt opplæring i

Skriftleg eksamen: Du melder deg opp til skriftleg eksamen i Møre og Romsdal på [PrivatistWeb](#).

Munnleg eksamen: Møre og Romsdal har ikkje tilgang til sensorar i framandspråk med små fagmiljø, difor må kandidatane avvikle eksamen enten i Oslo eller i Trøndelag. Trøndelag arrangerer berre eksamenar i framandspråk ved hausteksamen. Reisa må betalast av den enkelte privatist.

For eksamenar som vert avvikla i Oslo, skal du melde deg opp i PrivatistWeb i Møre og Romsdal. For meir informasjon, ta kontakt med Atlanten videregående skole v/Inger Pauline Fosslund

Finn du ikkje rett eksamenskode i Møre og Romsdal, kan du melde deg opp i PrivatistWeb i Trøndelag. Merk at Trøndelag ikkje sender ut informasjon om eksamensdato og liknande, men legger dette ut som viktig informasjon i PrivatistWeb. Privatistane har sjølv ansvaret for å følgje med på dette.

### **Realfag**

I Biologi 2, Kjemi 2, Fysikk 2, Teknologi og forskingslære 2, Informasjonsteknologi 2 og Geofag 2, må du ha både skriftleg og munnleg-praktisk eksamen. Det er egne fagkodar for munnleg-praktisk eksamen.

Spesielt for Geofag (REA3008 og REA3010): Kandidaten skal ha med seg ei prosjektoppgåve innfor hovudmålet Geoforsking i læreplana. Tema for prosjektoppgåva må sendes eksamensskolen innan 1. mars (for våreksamen) og 1. oktober (for hausteksamen).

### **Idrettsfag**

Breddeidrett 1 (IDR3004): Du skal velje ein lagidrett og ein individuell idrett. Lagidrettar som du kan velje er fotball, handball eller volleyball. Den individuelle idretten må vere ein konkurranseidrett, der det fins eit særforbund, eit regelverk og målbare kriterium. Du må velje idrettar i god tid før eksamen. Eksamensskolen skal godkjenne val av individuell idrett. Ta direkte kontakt med skolen rett etter oppmeldinga for nærare informasjon.

Toppidrett 1/2/3 (IDR3001/3002/3003): Du må sende inn informasjon om type toppidrett til eksamensskolen innan 1. mars for våreksamen og 1. oktober for hausteksamen.

### **Yrkesfaglege programområde**

Kandidatar som tek alle faga i eit yrkesfagleg programområde som privatist, må ha skriftleg eksamen i kvart programfag og tverrfagleg praktisk eksamen.